



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 23/2014

Møtedato: 3.9.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

F58, Haugvørpe - søknad om inngjerding av fritidsfeste

Frå Statskog har fjellstyret fått oversendt søknad frå Else og Einar Sogn om inngjerding av fritidsfeste. Søknad om inngjerding er grunn disponeringstiltak og skal behandlast etter §12 i fjellova.

Festar skriv i e-post datert 22.8.14 følgjande:

Vi søker med dette om å få sette opp skigard rundt hytta i Vestre Slidre Statsalmenning, gn/br/festenr 94/1/58.

Grunnen til søknaden er først og fremst at kyrne i området i ganske stor utstrekning beiter rundt hytta, og det er til tider betydelige mengder med kuskitt her. Vi har opplevd at både barnebarn og bikkja har tråkket i, og trukket med seg skiten inn i hytta. Dette er litt ugreit! For oss vil det i tillegg være flott med en skigard, da vi i båndtvangsperioden kan slippe bikkja ut innenfor gjerdet.

Får vi tillatelse, vil vi sette Valdresskigard på jobben. Vi vil ha en skigard som blir rundt 140 cm høy og ikke for tett. Vi mener at en skigard rundt hytta, vil harmonere bra med hva som er satt opp av våre hyttenaboer i området. Det bør også være en port i oppkjørselen, slik at vi får muligheten til å kjøre frem til hyttedøra.

Under følger en tegning som viser vårt ønske.

Vi håper på et positivt svar, og avventer videre kontakt med Valdresskigard til en tillatelse foreligger.

I sak 53/2000 har fjellstyret tilrådd inngjerding av hytter bør skje etter følgjande retningslinjer:

- 1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.*
- 2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.*
- 3. Gjerde skal førast opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillatast.*
- 4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.*
- 5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttfestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.*
- 6. For hytter i hyttfelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.*
- 7. For hytter utanom stølsjorder og hyttfelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m², men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.*
- 8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.*

Festaren søker her om å få gjerde inn 1 daa. Det har normalt vorte gjeve løyve til å gjerde inn ca 0,5 daa. Om alle husa skal vera med i inngjerdinga må det totale arealet bli ca 1 daa slik det er søkt om. Festet ligg i god avstand frå andre hytter og stølar, festet ligg ca 140 meter frå næraste nabo. Ein kan ikkje sjå at inngjerding vil ikkje vera til særlege ulemper for andre.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at festaren får løyve til å gjerde inn inntil 1 daa kring fritidsfest 58.

Vedtak:

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.9.14

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Else og Einar Sogn